

*Livshistoria til*  
*Magdalene Juditte Førland Underlid*  
*Forfatta av henne sjølv.*



Biletet:

B.v.: Erik Redal og yngste sonen

f.v.: Karen, Johanna, Ludvik, Lauritz

**Magdalene** m. hunden Bamse.

*Foto: Utlån Magny Thingnes*

*Ludvik Matias Andersson Førland*, f. 1878, utfl. 1905. g.m. Johanna Nyttिंगnes, bst. USA.

*Lauritz Mikal Andersson Førland*, f. 1881, utfl. 1902, bst. USA.

*Magdalena Judit Andersdotter Førland* f. 1887, utfl. 1920, g.m. Lyder Henrikson Underlid, bst. USA.

---

---

# LIVSHISTORIA

---

---

T I L

MAGDALENE JUDITTE FØRLAND UNDERLID

---

fødd i Redal, 4. des. 1887.

---

Reiste til Amerika i 1909 .

---

Gift med LYDER UNDERLID i Mt. Vernon, 9.4.1921.

---

LYDER H. UNDERLID var fødd på garden UNDERLID, 15. mars 1882 av foreldrene ANNE JENSDATTER og HENRIK I. UNDERLID. Faren døyde ung, så han og to brør og ei syster måtte ut tidleg. LYDER gjekk dei vanlege skuleår i heimbygda. Var konfirmant og byrja som hjelp på fiske om vinteren og på gardsbruk resten av året. I ung alder reiste han til Amerika og slo seg ned i Sør-Dakota, der han arbeidde for ein gardbrukar til han kom inn i språket, og seinare arbeidde han saman med ein arkitekt som bygningsmann. Han tok ut amerikansk borgarbrev i 1912. Tok eit par turar til Noreg, den siste i 1919 eller våren 1920, der han møtte MAGDALENE FØRLAND frå same bygd, som og var på besøk frå U.S.A.

Begge reiste tilbake i 1920, LYDER til S.Dakota og MAGDALENE til Mt. Vernon, Washington. Vart forlova gjennom brevveksling og GIFT I MT. VERNON, 9. april 1921, i LUDVIG FØRLANDS heim.

Etter bryllaupet reiste vi til Sør Dakota, der LYDER hadde kjøpt 100 beef cattle (kjøttfe) og pakta 500 acres land, eit gardsbruk(på 2000 daa.) Med fire gode hestar, rake og landplog utførtest alt arbeidet. Han pløgde opp 200 acres og planta mais, kjøpte eit par avgriser og hadde bra lukke med dei, så om eit par år hadde vi 200 griser som var solgt når dei var om lag 100 kg. Tidene var dårlege og der var stor risiko på eit gardsbruk: kolera mellom dei unge grisene, som tok rundt 100 av dei, og "Blackleg" i krøterflokk, men vi fekk vaksinert, så vi miste berre eit par beist. Lyneld tok 3 av dei finaste okseane som var ferdige å seljast.

LYDER var stødig i sitt arbeid og klaga aldri, og når andre gardbrukarar hadde bil og køyrde både til det eine og det andre, røkta han garden og kunne pløye opp meir jord med sine hestar enn andre kunne utføre med traktor. Han var oppe tidleg, var alltid presis for måltid og slutta i god tid om kvelden og hjalp med melking. Vi hadde berre 5-6 mjølkekyr, og han såg etter vatn og mat til grisene. Han arbeidde aldri søndag og vi var faste medlemmer av den LUTHERSKE

KJERKE, der han hadde vore sekretær i mange år. Vi budde 5 eng. mil frå næraste by, DRAPER, og vi køyrde der som regel kvar lørdag etter det vi trengde. Eg hadde høns og hadde litt egg å selje, og like eins floyte.

OLE VIK (Gjelsvik) var næraste nabo, og han budde halvveis på vei til Draper. Broren, LYDER VIK, møtte oss i Draper med kjerre og to hestar då vi kom der som nygifte. Eg måtte smile då eg såg den gamle kjerra, men fekk snart lære at vi kunne kome fram med hestar og vogn, der bil ikkje kunne kome fram. Jorda var "gumbo", når den var våt var den så klissen at den rulla seg på hjula, så ein måtte ut og skrape av. Drikevattn og for klevask oppbevara vi regnvatn. For kreatur var der større dammar, eller artesiske brønningar, men det var ofte vanskeleg å kome djupt nok til å finne vatn, så i 1928 var tørken så over alt at vi kunne ikkje få nok høy eller vatn til kreatura, og måtte selje ut. Tross alt i med arbeid og sparsomhet hadde vi betalt av 5000 dollars som vi lånte, kjøpte bil og betalte for den, og hadde noke å begynne med på ein ny plass. Vi pakka bilen og tok turen vest gjennom RAPID CITY og gjennom MONTANA. Vi fiska i YELLOWSTONE PARK, ettersom vi hadde telt og kano og hadde ein ferie vi sette stor pris på.

Vi reiste til MT. VERNON til LUDVIG og JOHANNA, der vi alltid var alle velkomne. Vi såg etter fleire plassar og fann eit stykke på 5 acres i utkanten av TACOMA. Tidene var dårlege med arbeidsmangel, så eg fann arbeid som sykepleierske i privat heim. Vi leigde hus nær eigedomen vi kjøpte, medan Lyder bygde våningshus og alt vi trengde. Han grøfta og fekk jorda pløgd, planta bringebærbusker, fekk i stand grønsakhage, kjøpte kyllingar og eit par kyr, så vi hadde litt av kvart å selje, og Lyder hadde alt arbeid han trengde medan eg arbeidde i sykepleien. Vi hadde mange vener og hadde ofte selskap av NORSKE som likte norsk mat. Vi hadde nå fått mange frukttre: Eple, pære, plommer, aprikos, fersken og så bringebær som eg kunne leggje ned til vinterbruk. Gamle REDAL var prest i den Lutherske kirka i Tacoma, så vi gjekk der, for der var mest norske medlemmer. Vi gjekk også til Baptistkirka og vi kunne alltid hjelpe i misjonsarbeid i begge. Gjennom alle år følte vi Guds varande hand over oss. Eg var sær glad for at vi kunne kome tilbake til VESTKYSTEN, der eg fekk sjå fjell og fjord og grøn skog. Sør Dakota var for varmt for meg. LYDER likte også Vestkysten, i sær etter vi fekk alt ordna rundt heimen med blommar og grasplen og nok å arbeide med. Vi såg Guds signing over alt og var takksame. Vi snakka ofte om kor god Gud hadde vore mot oss, og Lyder sa: Ja, Gud vere nådig mot meg, ein syndar, og takka for frelsen i Jesus.

Vinteren 1943 var kald med snø. Vi var ute og ordna i hønsehuset då Lyder vart dårleg. Eg fekk naboen til å hjelpe og få han inn i huset og eg fekk doktor med ein gong. Det var hjerneblødning og han døydde etter nokre få timar, 15. januar 1943. Det var triste dagar, men eg fekk erfare Guds lovnader. Som dagen er, skal styrken vere. Han har aldri svikta.

Eg selde kreatura og høns, for eg kunne ikkje greie å arbeide ute og ha så mykje å ta vare på heime, så eg heldt heimen ved like eit års tid, og så tok eg ny jobb ved INDIAN HOSPITAL, der dei hadde heim for pleierskene like ved. Eg arbeidde der til 1955 då eg måtte ta operasjon for stør. Tok tur til Norge og mine, og mens eg var der, døydde JOHANNA, så eg skreiv til LUDVIG at eg skulle kome tilbake med ein gong, men han ville eg skulle

vere til våren, og da reiste eg til LUDVIG og stelte hus for han til 1965, då vi begge kjøpte leigebustad i eit nybygg for pensjonistar, JUDSON PARK RETIREMENT RESIDENCE, med vakker utsyn over sjøen og OLYMPIC- fjella bak øyar og fastland. Vi hadde 7 lukkelege år saman her. LUDVIG fekk sjå meir av vestkystens mange vakre stader etter at vi kom her.

Mi veninne, EMILY KEITH, tok oss med på så mange turar til fjells og på sjøen, der han aldri hadde vore, og dei fleste plassane hadde ikkje eg sett heller. Kvar sommar fekk vi låne VAREX si hytte ved JUNIPER BEACH for ei veke eller nokre dagar, og han kunne alltid ordne noko i hytta for lånet, og vi betalte Emily for bensinen. Han hadde ein fin kjøkenhage her, og hadde alltid nok å dele med andre. Han hjelpte også til med reinsking av blomsterbed.

Han døydde 11. januar 1963, og det er enno så tomt etter han. Han var alltid så stille, og når nokon sa til han at han snakka så lite, så sa han: " Eg kan lære meir ved å høyre på andre, enn å snakke." Alle sa at hans ansikt skein av Guds fred.

Her må eg like godt skrive ned resten av mi biografi.

MAGDALENE JUDITTE FØRLAND, fødd i Redal, Norge, 4. des. 1887  
av foreldrene ANDERS FØRLAND og  
MAREN REDAL.

Gjekk alminneleg folkeskule i bygda. Vart konfirmert etter nokre månader av bibel- og religionsundervisning av presten DAHL.

I oppveksten hjelpte eg til med vanleg arbeid på garden. Lærde å klippe ulla av sauene, karde og spinne det til varp og veft og og veve det til tøy som eg sydde til kler for meg sjølv og til eldste syster mi sine born. Om sommaren tok vi kreatura til fjells og der laga vi smør og ost. Nokre av dei kjaraste minna frå ungdomsåra var sæterlivet. Etter ein lang arbeidsdag å gå opp til hytta og medan vi mjølka kyrne etter vi hadde kalla dei inn, kunne vi nyte den friske fjellvinden med ange av eine og bjørk. Vi vaska mjølkekjerald i ei lita elv som gjekk forbi, og når veret var fint, sat MARGRETHE REDAL og eg utanfor hytta og sang og spela gitar. Vi gjekk heim kvar morgon og byrja ein ny dag.

Om vintrane var det juletefestane, som var i vår heim den 2. dag jul for ungdomslaget i bygda. Vi slo ring om juletre og song alle dei velkjende julesongar.

Hausten 1909 reiste eg til Amerika saman med MARIA UNDERLID, som var heime og besøkte sin bror, KRISTOPFER.

Ho reiste til CALIFORNIA og eg til min bror LUDVIG i MT. VERNON. Han var då ikkje gift, så han og ERIK REDAL pakta gard nær Mt. Vernon. Frå bilete han hadde sendt heim, kjende eg huset, der toget gjekk forbi, og sidan der var ingen som møtte meg på stasjonen, sette eg inn tøyet og gjekk til fots på togs�kinnene og fann den store ladebygningen og det små huset ved sida. Eg banka på, men ingen svara. Døra var ikkje låst, så eg gjekk inn og var uviss om dette var rette plassen, til eg fekk augo på ein stor, brun koffert med far sitt namn på. Eg hadde sett den heime då far kom frå Amerika.

Eg gløynde å nemne tidlegare at mitt minne om far er svært enkelt. Eg kan så vidt hugse då KARL reiste, men berre flyktigt, og var kanskje eit par år.

Vår heim og gard var seld med tanke på at vi skulle alle reise til U.S.A, men mor kunne ikkje greie å reise med tog eller båt, ho vart så sjuk.

Det var bror til ERIK NORDVIK som kjøpte garden, og Ludvig arbeidde for han. Kan ikkje hugse kor lenge han hadde garden, men når vi fekk brev om at far sjuk så vi ikkje kunne reise, var der nokon som hjelpte mor å få garden igjen, og eg var vel i 8-års-alderen då far kom heim sjuk og låg til sengs til han døydde nokre månader seinare. Det var svar på bønner at han vart bra nok så han kunne reise heim. Trur ikkje han var her lenger enn 11 år.

Så tilbake til der eg braut av. LUDVIG hadde møtt toget som kom frå nord, men eg var sendt til Seattle, og måtte ta toget tilbake, difor var der ingen der. JOHANNA arbeidde som kokk for ei rik familie nær Seattle, og ho fekk plass til meg hos bestyraren hans. Dei hadde små born, så det hjalp å lære engelsk.

Eg arbeidde i huspost til 1911, då eg tok eit kurs i ENGELSK på Pacific Lutheran College, nær Tacoma. LUDVIG og JOHANNA var gift i juni, så etter eg kom frå skulen, hadde eg ein heim å gå til, og den høusten byrja eg som lærling på SWEDISH HOSPITAL i Seattle. Eg hadde betalt Ludvig att for billetten, så eg hadde lite til å starte med. Vi fekk 5 dollar månaden, som ikkje var nok til bøker. JOHANNA hjelpte å sy mine uniformer, og CARL, som ikkje var gift då, og arbeidde på eit apotek i Seattle, hjelpte meg ofte med ekstra pengar. Det var tre strevsame år. Det var vanskeleg med så lite forskule å ta notat når doktorane hadde føreløsing, men eg følte det var mitt livs kall, og eg var glad i arbeidet og det var dei EVIGE ARMAR og trua på Hans kraft som heldt meg fast.

Eg tok eksamen med 1914- klassen, skjønt eg hadde 6 månader igjen, og same året måtte vi ta eksamen for staten. Det var med takk til Gud at eg fekk diplom frå begge, og etter eg var ferdig i 1915, arbeidde eg ein vinter i ELLENSBURG, og eitt år i Mt. Vernon, gjennom ein tyfus-epidemi.

I 1918 melde eg meg til krigsteneste og vart sendt til Frankrike, med Base Hospital nr 50. Dei fleste av doktorane og menige var frå Seattle og omegn. Vi venta ei tid i New York og fekk utstyr av uniformer og sko, både til kvardags og til festbruk. Medan vi venta på båt, fekk vi mange fine turar som forretningsmenn arrangerte for oss. Der var fleire hundre soldatar som skulle reise på same båt. Epidemi av SPANSKA var begynt, og der var ein heil del sjuke før dei kom ombord og doktorane ville dei skulle ta dei til sjukehus her. Men alle som hadde papir vart sende med same båt. Mange, ja, dei fleste av oss, vart sjøsjuke og det var vanskeleg å få nokon til å hjelpe dei som var verst. Vi måtte på dekk kvar morgon kl 4 med livbelte på. Der var jo alltid fare for undervannsbåtar, så første dagen hadde vi ein ekskort på kvar side. Det blei lange dagar og ikkje nokon lysttur.

Vi landa i Brest i Frankrike, og der låg sjuke soldatar over alt og venta på tog til å reise vidare. Mange døydde før dei kom på krigsfeltet. Det tok oss ein dag og ei natt før vi kom til barakkene som var sette opp til hospital. Det var lange bygningar med sementgolv, med lerret for vindaugo, med 15 senger på kvar side og gang imellom. Vår barakke var også lang og oppdelt i 4, med 2 sengar til kvar avdeling. Vi var trøytte etter turen, men måtte gå på nattevakt same kvelden vi kom!

Vi hadde mykje regn den vinteren og regnet kom inn i barakkene og gjekk som ei elv, så vi måtte bruke gummistøvlar stadig.



ooooooooooooooooooooooooooooOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOoooooooooooooooooooooooooooooooo

Vi fekk såra menn frå fronten, men like mange med influensa og andre sjukdomar. Det var vondt å sjå alle desse unge, staute gutane lide så fordi vi har ikkje lært å leve saman med kvarandre som brør. Det var krigen som skulle ende all krig. Men som det ser ut var det ein begynnelse til den ufred og konflikt som rasar over heile verda. Det er ein strid mellom Guds folk og satans makter, og eg takkar Gud for at vi av nåde er med flokken som høyrer Jesus til, og må vi takke og prise hans namn, for vi veit at han skal sigre til slutt. Gud har gitt oss eit vakkert, rikt land å bu i, men vi har misbrukt det.

ooooooooooooooooooooooooooooOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOOoooooooooooooooooooooooooooooooo

MAREN KRISTINA ANDERSD. REDAL g. 1871 m. ANDERS KNUTSSON FØRLAND  
1848- 1934 1834- 1899

Born:

1 ANNE MARGRETE	1872-1954	gift	med JOHAN HAALAND
2 KARL BERNHARD	1873-1873		
3 KARL BERNHARD	1874-	utfl. til Amerika	1891. G.m. Mabel
4 ANDERS JULIUS	1876-1939	gift med	HANNA ERIKSD. THINGNES
5 LUDVIK MATIAS	1878-1963	utfl. til Amerika	1905. G.m. JOHANNA NYTTINGNES
6 LAURITZ MIKAL	1881-	utfl. til Amerika	1902. G.m. MABEL
7 INGER MARIA	1893-1973	gift	1905 m. ANDREAS IVARSSON UNDERLI
8 BERTE GURINE	1885-1977	gift	1910 m. OLA ALEKSANDERSSON NORDVIK
9 MAGDALENA JUDIT	1887-1991	utfl. til Amerika	1920. Gift 1921 m. LYDER HENRIKSSON UNDERLI

FRÅ MAGDALENA UNDERLI SI LIVSSØGE:

=====  
Fødd 04.12. 1887 i Redalen. Død 1991.  
Folkeskule, gardsarbeid, saterliv.  
1909: Reiste til Mt. Vernon, U.S.A.  
til broren, Ludvig Underlid.  
1909-11 : Huspost.  
1911: Engelskkurs.  
1911: Ludvig og Johanna gifter seg.  
1919: Tur til Redalen. Traff LYDER U.  
1921,9.april: MAGDALENA gift med LYDER.  
1921-28: Farmarliv i Sør Dakota.  
1928: Grunna tørke sel dei alt.  
1928: Flytter til Mt. Vernon, byggjer hus.  
1928-44: M. var sjukepleiar, privat.  
1943,15. jan.: LYDER døyr, etter slag.  
M. sel dyra, men bur der 1 år.  
1944 : Får arb. på INDIAN HOSPITAL  
og bur på pleiarheimen.  
1955: Operasjon for stør. Tur til Noreg.  
1955: JOHANNA, kona til Ludvig døyr.  
1956: M. reiser og steller hus for Ludv.  
1966: M.+L. kjøper bustad i nybygg for  
pensjonistar. JUDSON PARK.  
Før Magdalena gifte seg i 1921, hadde ho  
hatt sjulepleieutdanning og vore i  
Frankrike frå 1918. Militærhospital.